



Norges Jeger-  
og Fiskerforbund



**AURLAND JAKT OG FISKELAG**  
5745 Aurland – Bankgiro 3745.10.17668

## Årsmøte Aurland Jakt og Fiskelag 2022

Møtet vert 10 mars, i lagshuset på Onstad, kl 1830.

### Sakliste:

1. 1.Konstituering av møtet.
  - Godkjenning av innkalling
  - Godkjenning av sakliste.
  - Val av ordstyrar.
  - Val av skrivar.
  - Val av 2 medlemmer til å skrive under protokollen.
2. Årsmeldingar.
  - Hovudlag
  - Båtutval
  - Elveutval
  - Jaktutval
  - Jegeropplering
3. Revidert rekneskap for 2021.
4. Drift og vedlikehald av båthamna. Saka vert lagt fram utan tilråding frå styret
5. Innkomne saker.
6. Styret sitt forslag til budsjett for 2022.
7. Val.
8. Val av valkomité
9. Val av revisor

I 2021 har styret vore slik samansett i 2021

<b>Styret AJF</b>	<b>Funksjon / namn</b>	<b>PÅ VAL</b>
Leiar	Tunde Nesbø	2022
Nestleiar/ skrivar	Rune Aasen	2022
Styremedlem	Kjell Hov	2022
Styremedlem	Arne Veum	2023
Styremedlem	Hallgeir Høydal	2022
Styremedlem	John Underdal	2023
Ungdomsansvarleg	Christian Kjærvik	2022
<b>Jakt- og fiskeutval</b>		
Leiar	Kjell Hov	2022
Rep. Aurland Settefisk	Erling Nesbø	2023
<b>Aurlandselva</b>		
Leiar	Arne Veum	2023
	Harald Skjerdal	2022
<b>Småbåthamna</b>		
Leiar	Halgeir Høydal	2022
	Bjørn Ebne	2023
<b>Dugnadsutval</b>	John Undredal	2023
<b>Revisor</b>	John Bekkedal	2022
<b>Valkomité</b>		
Leiar	Ole Andreas Hande	2022
	Erling Nesbø	2022

## Årsmelding frå Jegeropplering 2021

I fjor var me, for fyrste gong på mange år, tre godkjende jegerinstruktørar.

- Tunde Foras Nesbø
- Erling Nesbø
- Rune Aasen

Kurset er som vanleg på 30 timar fordelt på 9 samlingar. Det er om lag 100 timar med aktivitet frå instruktørane.

For fyrste gong vart det utbetalt godtgjersle til instruktørar

På grunn av restriksjonar kunne me ikkje vera fleire en 13 kursdeltakarar og tre instruktørar  
Me måtte leige lokale hjå Røde Kors for å få rommelege nok lokalar

Deltakarane var frå 15 til 52 år, 7 damer og 6 menn, og alle 13 gjennomførte kurs og bestod eksamen.

Økonomi:

kursavgift	utgifter	kommentar
2 000,00 kr	498,30 kr	Servering
2 000,00 kr	259,40 kr	Skrivebøker/blyant ClaesOlson
2 000,00 kr	776,00 kr	Sprit, munnbind, klutar - Br. Sønnerheim
2 600,00 kr	5 000,00 kr	instruktør
2 600,00 kr	5 000,00 kr	instruktør
2 000,00 kr	5 000,00 kr	instruktør
2 000,00 kr	500,00 kr	Skytebane
2 000,00 kr	4 500,00 kr	Ammo, rifle
2 600,00 kr	360,00 kr	Ammo, hagle
2 600,00 kr	480,00 kr	Leirduer
2 000,00 kr	501,50 kr	coop
2 000,00 kr	1 567,00 kr	Hugen Gardsmat
2 600,00 kr		
2 000,00 kr		
6 000,00 kr		Studieforbundet Natur og Miljø
37 000,00 kr	24 442,20 kr	

For instruktørane

Rune Aasen

# Årsmelding for jakt og fiskeutvalet 2021.

Jakt og fiskeutvalet i Aurland arrangerte i år karusellskyting for jegerar saman med Stålring og Aurland skyttarlag. Pga corona vart det ein enklare karusell dette året.

Det vart arrangert seks kveldar med skyting, 3 kveldar på kvar bane.

Det vart som tidlegare tildelt eit reinsløyve frå Aurland fjellstyre.

Samarbeidsavtalen mellom Aurland skyttarlag, Stålring og Aurland jakt og fiskelag som vart utarbeidde i 2015 held fram.

Hjort og elgjakta i Nordheims dalen vart som tidlegare år annonsert i Aurlendingen.

Dette året fekk jaktlaget tildelt 13 hjort og 1 elg.

Det kan sjå ut til at hjortestamma i Nordheims dalen framleis er noko redusert. Jaktlaget observerte også dette året mindre hjort, og i år som i fjord vart det skote 7 hjort.

Jaktlaget observerte ca 3-4 elgar, det vart skote ein 1,5 års elgokse .

Jaktlaget tok CWD prøve av alle hjortane som vart felte, alle underkjevar vart også samla inn. Også dette året var alle CWD prøvane negative.

Jaktlaget i Nordheims dalen talde 8 mann. Det kom inn 10 søknadar.

Arbeidet me har gjort dei siste åra med å rekruttera yngre jegerar, resulterte i 4 søknadar frå denne aldersgruppa dette året, dette er noko me er godt nøgde med.

Avtalen med Aurland fjellstyre gjeld t.o.m. 2023

Jakttida er frå 1 sept til 31 okt. og kilo prisen er kr 63.

Jaktlaget må innhenta årleg løyve og betale for køyring på privat grunn hjå Willhelm Rumhor.

Pga. CWD utbrotet har jaktlaget fri utflyging av kjøt søndagar ut oktober. Jaktlaget fekk nytta dette berre ein gong, ved to andre høve vart flyginga kansellert pga dårleg vær.

Flåm, 24 februar 2022

Leiar i Jakt og fiskeutvalet

Kjell Hov

## ÅRSMELDING 2021

### AURLAND JAKT OG FISKELAG – SMÅBÅTUTVALET

Årsmøtet i Aurland Jakt og Fiskelag vart halde digitalt på Meet 4. mars 2021- i dette også småbåtutvalet med eiga årsmelding om utvalet sin aktivitet i arbeidsåret 2020.

#### **Småbåtutvalet har vore samansett slik 2021:**

Hallgeir Høydal	leiar
Bjørn Ebne	medlem

I tillegg har tidlegare leiarar bidrege og vore til god hjelp med sin kjennskap til situasjon i og kring hamna.

#### **Møter og aktivitet i utvalet:**

Småbåtutvalet har ikkje hatt møter med innkalling og sakliste dette året, men har hatt fleire møtepunkt for å diskutere konkrete gjeremål i hamna og vurderingar av materielle tilstandar i hamna.

Lang venteliste og moglege løysingar for fleire båtplassar har vore og er framleis ei hovudutfordring, fleire løysingar har vorte diskutert.

Med omsyn til framtidige prosessar knytt til oppgradering av Aurland Småbåthamn og krav som i dag er gjeldande har småbåtutvalet brukt ein del tid med å finne fram til og gjere seg kjend med dokument og innhald tilbake til då småthamna vart realisert. Dette for at ein så langt som moglege kan ta omsyn til og vere budd på ulike utfordringar som kan kome fylgje av slike prosessar.

Aurland Jakt og Fiskelag forvaltar, administrerar og driftar Onstad småbåthamn for Aurland kommune som er eigar av området hamna er etablert på. Dette er basert på vedtak i Aurland formannskap i sak 125/80. Aurland Jakt og Fiskelag har investert i all infrastruktur i hamna. Ut over dette vedtaket synest det ikkje å ligge føre ein langsiktig og formell avtale mellom Aurland kommune og Aurland Jakt og Fiskelag. Ein slik avtale er etter styret i Aurland Jakt og Fiskelag sin oppfatning naudsynt å få etablert før ein gjer nye og omfattande investeringar i hamna.

Med bakgrunn i dette bad Aurland Jakt og Fiskelag om møte med Aurland kommune – ordførar og rådmann. Møte vart gjennomført 05. november 2021 med Aurland kommune med ein representant for teknisk eining, samt advokat Ivar Winjum. Småbåtutvalet møtte for Aurland Jakt og Fiskelag

I møtet kom det fram at det var ein del utfordringar vedrørande eigedomstekniske spørsmål som måte avklarast før avtale kunne etablerast. Aurland kommune var positive til etablering av avtale. Aurland kommune skulle iverksetje denne prosessen som eigar av området, etter dette møtet har ein ikkje motteke noko frå Aurland kommune, men på forespørsel vert det opplyst at prosessen er i gang ved bruk av eksternt firma.

#### **Mellombels arbeidsgruppe**

Desse er John Bekkedal, Jan Inge Magnussen og Dag Sviggum, alle tre vart førespurde og sa seg villige til å bidra.

Dei tre, i tillegg til andre, har mykje erfaring, kjennskap og kompetanse vedrørande historikk, drift og oppgraderingar i hamna, i tillegg anna kunnskap som kan bidra til gode og ryddige framtidige prosessar.

Arbeidsgruppa har hatt ei samling i 2021 og diskutert ulike alternativ for utviding av kapasitet på båthamna. Konklusjon vart at det mest realistiske på kort sikt var å få løyve til å grave inn i fyllinga innerst i småbåthamna ( der som gjestebrygga var) og etablere ei flytebrygge for småbåtar. Dette kan gje 15 – 20 nye småbåtplassar og frigjere ei eller deler av eksisterande brygge.

Småbåtutvalet og arbeidsgruppa vonar at ein kan få større framdrift på desse prosessane dette året, og at planar og naudsynet søknadar og godkjenning av desse kan vere klar til 2022, som er eit meir realistisk mål for realisering.

### **Dugnad**

Det er ikkje gjennomført organisert dugnad i løpet av 2021. Årsaken til dette er at det ikkje har vore arbeidsoppgåver eigna for stor dugnad, men og at det på grunn av pandemien har vore lite høve til å gjennomføre dugnad med mange personar som i 2020.

Det er likevel alltid mindre oppgåver som må utførast, desse har vorte gjort av småbåtutvalet.

### **Økonomi**

Her viser ein til rekneskapan i AJF, men det kan generelt seiast at det har vorte nytta lite midlar i båthamna dette året.

I byrjinga av 2021 fekk ein problem med straumtilførselen til lys og straumsøyler. Etter mange forsøk med å finne ut kva som var problemet måtte ein til sist få Aurland Elektriske til å gå gjennom anlegget. Dei fann ut at årsaken til problemet var brot i ein kabel til ein av bryggene og at det laga jordfeil som slo ut jordfeilbrytaren.

### **Båtplassar og tildeling, båtopptrekk og flytebrygger**

Tal båtplassar er det ingen endring på, ventelistene er lange, 30 - 40 registrerte til ei kvar tid, oppseiingar og tildelingar vert gjort skriftleg.

I løpet av 2021 har både småbåtutvalet og styret i Aurland Jakt og Fiskelag hat nokre saker av prinsipiell karakter vedrørande forvaltninga av båtplassane i hamna.

- Båtplass føl ikkje båt, men leigar
- Det er ikkje høve til interne byte mellom leigarar av båtplassar med ulik storleik.

Hausten 2021 var det to båteigarar som ikkje er leigarar av stor plass , men som etter avtale gjennom småbåtutvalet med leigar av store båtplassar fekk høve til å vinterlagre båten sin på store plassar. Avtalane gjeld fram til 01. april 2022.

Båtopptrekket har vorte nytta i mindre grad dette året, organiseringa av bruken har vore som tidlegare år. Inntektene er og av den grunn minimale.

Hovudstrukturen på flytebryggene og utriggarane er om lag 40 år, noko dei etter kvart ber preg av. Kanskje må ein sjå om nye flytebrygger må prioriterast før bygging av anna infrastruktur i hamna, det er båtplassane og utleige av desse som genererer inntekt til laget.

Ein har heile tida vore merksam på at det kunne oppstå problem med bryggene i uværperiodar, og 2021 har vist at spesielt den ytterste brygga for store båtar er utsett. Her har ein sett at det etter kvart er behov for utskifting. Deler av stålkonstruksjonane er byrja å bli litt deformert, og aluminiumskassane rundt flyteelementa er byrja å bli tært sund. I tillegg er samla status på forankring litt uviss.

For å minke risikoen for uhell har ein kvar vinter på trosser mellom bryggene og til landfeste på begge sider, dette for at ein hindrar for stor vandring på bryggene ved sterk vind, og samstundes tek opp ein del av dei vindkreftene som er på båtar og brygger.

### **Framover**

I tida framover er det mange avklaringar som må gjerast og tiltak setjast i verk, desse vil ein kome tilbake til i skriftleg form.

For styret i Aurland Jakt og Fiskelag og Småbåtutvalet som underutval er det viktig med fullmakt frå årsmøtet til å gjennomføre naudsynte aktivitetar med det føremål å forbetre og heve kvaliteten på Aurland småbåthamn til beste for medlemar og båteigarar.

Småbåtutvalet ser det og som særst viktig at alle større tiltak vert teke opp med medlemar og båteigarar slik at dei får uttale seg. Store tiltak påverkar både infrastruktur som er etablert, korleis det vil bli og økonomiske disponeringar som kan fordre større betalingsvilje for båtplassane.

For Aurland Jakt og Fiskelag og småbåtutvalet er det viktig at ein så langt det er råd greier å halde eit prisnivå for leige av båtplassar som ikkje fungerer ekskluderande for innbyggjarar som ynskjer båtplass.

Helsing

Aurland Jakt og Fiskelag

Småbåtutvalet

Hallgeir Høydal

Leiar

# Årsmelding for elveutvalet 2021

Sal av fiskekort i våre fem fiskesoner var svært godt i sesongen 2021. I ein kombinasjon av eige kortsal og sal av ledige fiskekort frå Borlaug Sport vart det aller meste av fiskedøgn omsette. Avtalen mellom Ajfl og Borlaug sport er provisjonsbasert, og har vore ei vellukka ordning så langt. Det er semje om å, basert på same vilkår, halde fram med dette samarbeidet for komande fiskesesong.

I sum vart det selt 281 fiskedøgn i 2021. Alle soner, med unnatak av sone 1, var mest fullteikna. I sone 1 vart godt halvparten av fiskedøgna i perioden 1.7 – 31.8 selde.

Fangstmeldingar for fiskesesongen 2021 syner framleis låge tal, men noko betre enn i 2020 var det. Ved oppteljing var det medio september rapportert om lag 100 kilo sjøaure, fordelt på 72 fisk, men talet er nok noko høgre. Til trass for skriftleg påminning er det framleis nokre som berre rapporterer til nettsida elveguiden, og ikkje tek seg bryet med å sende fangstmelding til ajfl. Det er ei fin ordning å kunne leggje ut fangstmelding på den nemnde nettsida, men det er også viktig for elveutvalet og få inn fangstrapportar. Me satsar på at dette går seg til i framhaldet, og det er heller ikkje så mange dette gjeld. Såleis kan det leggjast til grunn at tal kilo truleg låg ein stad mellom 100 og 150 kilo sjøaure på våre soner.

Ein del av den fanga fisken er rapportert som slept ut att, mellom anna ein aure på 6,6 kilo. Laks er ikkje rapportert om, med unnatak av ein tert på kiloet, slept ut att.

Det er teikna ein ny leigeavtale for «presteretten» for fem år, med verknad frå 2022. Leigeprisen er auke noko, men skal etter denne eingongsauken liggje fast for resten av avtaleperioden.

I 2021 vart utført noko dugnad, i hovudsak i form av skog- og bosrydding. I for 2022 er det planlagt eit litt større tiltak i form av utbetring av brua til Prestøyyna. Dette arbeidet skal utførast før 1. mai. I tillegg er det ønskje om å leggje til rette for litt enklare ferdslar langs delar av sone 4, og dette kan også bli gjort noko med i år. Likeins er det spelt inn ønskje om å få grave vekk noko av den store oppsamlinga av lausmassar i Klepphølen. Dette vil verte arbeidd med, og drøfta med relevante instansar.

Som ein lekk i ei auke leige for elveretten, vil elveutvalet leggje på alle kortprisar med 50 kroner framfor sesongen 2023.

Elveutvalet var i 2021 samansett av Arne Veum, leiar, Harald Skjerdal og Rune Aasen.

Aurland 28.02.22

Arne Veum



182 Aurland Jakt og Fiskelag

### Resultatregnskap med fjorårstall

Periode: 1 - 12/2021 NOK

Dato: 28.01.2022 15.23

Kontonr. Tekst	Denne periode i år	% av oms.	Denne periode i fjor	Hittil i år	% av oms.	Hittil i fjor
<b>ORD. RESULTAT FØR SKATT</b>	133 543,41	44,13	63 380,43	133 543,41	44,13	63 380,43
<b>EKSTRAORDINÆRE POSTER</b>						
<b>ÅRSRESULTAT</b>	133 543,41	44,13	63 380,43	133 543,41	44,13	63 380,43
Overskudd + / Underskudd -						